

Reglement og prisar for utleige av Spinneriet

Vedtatt 16.12.2015 - Ksak 087/15

Innhaldsoversikt

1 Reglement for utleige

2 Leigeprisar

3 Definisjonar - leigetakarar

4 Ordensreglar

5 Branninstruks

1 Reglement for utleige

1. Rom i Spinneriet kan leigast ut til alle lovlege føremål.
2. Faste avtalar om leige kan gjerast for inntil 1 år om gongen i perioden 20. august til 20. juni. Leige kan ikkje avtalast lengre fram i tid enn gjeldande periode.
3. Faste avtalar om leige, må vika for ekstraordinære arrangement.
4. Leigar skal gje opp ein person, over 18 år, som ansvarleg for leiga. Denne personen er ansvarleg for orden, rydding og opplåsing/stenging.
5. Kundesenteret har fullmakt til å gjere avtale om utleige, føre register over utleige og levere ut nøklar til leigetakar v/ansvarleg person over 18 år. Nøklane skal leverast attende til Kundesenteret første kvardag etter bruk.
6. Ved spørsmål kring servering av alkohol, vert det vist til alkohollova samt gjeldande alkoholpolitisk plan. Kundesenteret har orienteringsskriv.
7. Skader eller øydeleggingar på bygning, inventar eller utstyr under leigebruk skal straks meldast til Kundesenteret. Leigetakar kan måtta erstatta skaden.
8. Leigetakar pliktar å setja seg inn i og retta seg etter gjeldande ordensreglar og politivedtekter.

2 Leigeprisar

Rom	Tal personar	Frivillige lag/organisasjonar	Private arrangement	Kommersielle føretak
Sal 1. etg*	inntil ca 75	kr 0	kr 2 060	kr 2 575
Sal 2. etg*	inntil ca 55	kr 0	kr 2 060	kr 2 575
Kafé 2. etg*	inntil ca 35	kr 0	kr 1 030	kr 1 235
Kjøkken	tilleggsteneste	kr 0	kr 205	kr 310
Vaktmeisterteneste	kan tingast	kr 360,- pr time		
*inkluderer ikkje bruk av kjøkken				

- Norsk Frukt & Laksefest skal ikkje betale leige for Spinneriet.
- Det kan verta kravt etterbetaling ved manglande rydding og klargjering. Leigekontrakt skal fyllast ut.
- Leiga ein betaler for Spinneriet inkluderer alltid reingjering. Det er likevel ein føresetnad at leigetakar ryddar, fjernar boss og klargjer etter seg i tråd med ordensreglane.
- Privatpersonar som ynskjer å leige Spinneriet til salsutstillingar, eller messer skal betale leige som kommersiell leigetakar.

SAL AV MATVARER FRÅ KJØKKENET I SPINNERIET.

Privatpersonar, eller andre som ønsker å selje mat på kommersielt grunnlag skal betale leige av kjøkken etter gjeldande takstar.

3 Definisjonar - leigetakarar

Definisjon på ideelle lag/organisasjonar (innanfor kommunen)
Alle lag for barn og unge opp til 18 år
Idrettslag
Skyttarlag
Misjonslag
Ungdomslag
Helselag
Kunstlag
Interkommunale selskap
Eldrelag
Musikklag /songlag
Bygdekvinnelag
Lokale politiske lag/lag av same karakter
Fagorganisasjonar knytte til kommunen si drift
Rettsaker, forliksråd m.v.

Definisjonar på ikkje-kommersielle aktørar

Definisjonar på ikkje-kommersielle aktørar

Nærings- og interesseorganisasjonar for eigennyttige formål, t.d. bondelag, bransjeforeiningar, fagorganisasjonar m.v.

Fylkes- og nasjonale frivillige organisasjonar

Private arrangement

Lag/organisasjonar som ikkje er innanfor kommunen

Definisjon på komersielle aktørar

Næringsdrivande/firmaarrangement

Messer/salsutstillingar*

4 Ordensreglar

- Leigetakar må sikra at rømmingsvegane er frie – både før, under og etter bruk av lokala.
- Leigetakar skal sjå til at inventar og utstyr står i same orden som då lokala vart tekne i bruk.
- Bordplater m.v. skal reingjerast etter bruk.
- Brukt kjøkkenutstyr skal reingjerast. Vask av koppar, tallerkar m.v. skjer i oppvaskmaskin. Det er ikkje lov å ta med seg utstyr frå bygget.
- Avfall og søppel skal sorterast og leggjast i bossdunk utanfor bygget.
- **Termostat for innetemperatur må ikkje stillast på!**
Temperatur-auke kan ein oppnå via ventilasjonssystemet:
 - 1. etg: Timer-knapp (3 timer) ved utgang/nødutgang mot aust (skilta).
 - 2. etg: Av/På-bryter ved utgang/nødutgang mot aust (skilta).
- Miljøet i Spinneriet skal vera røykfritt.
- Attgløymde gjenstandar, som ikkje vert henta innan ein månad, kan bli kasta.
- Spinneriet må ikkje nyttast som lager.
- Skader eller øydeleggingar på bygning, inventar eller utstyr under leigebruk skal straks meldast til Kundesenteret.

5 Branninstruks

- Ansvarleg person er den som disponerer nøkkel til bygget. Denne skal gje dette tilkjenne før arrangementet tek til.
- Brann vert varsla ved støyttvis ringing/brannalarm.
- Ring 110 for å melda frå til brannvesen.
- Kan du avgrensa skade på menneske eller materiell, så gjer det. Hugs at liv og helse alltid har fyrste prioritet.
- Lukk vindu og dører og forlat bygget umiddelbart.
- Møt opp på gardsplassen framfor bygget og meld deg for brannvernsleiar eller den som har ansvar for oppteljing.
- Parkering framfor bygget er ikkje tillete p.g.a. brannkum / åtkomst for brannvesenet.